

Kyrkjjetonar

Skjoldastraumen kyrkje 100 år

Haustattakkefest i Nedstrand sokn

Travel, men fin tid i soknerådet

Luft, kjærleik og skryt

Tysvær soknehus 10 år

tema: frivillighet



Luft, kjærleik og skryt



Vi har ein kropp, men mange lemer, og alle lemene har kvar sine oppgaver. På same måten er vi alle ein kropp i Kristus, men kvar for oss er vi lemer for kvarandre.

Rom. 12:4-5

Framsdebiletet:

Før hausttakkefesten i Nedstrand og Skjoldastraumen var 7-åringane samla på Tveit vidaregåande skule der dei fekk sjå på noko av alt det naturen kan gi oss.

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Edvin Gjerde, Reidar Alvestad, Håvard Førland og Ingrid Hustoft Landro

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 0531.49.46091.

Frivillig kontingent: kr. 150,-

Kasserar: Borge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Tysvær Prestegjeld

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

telefaks: 52 75 77 10

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

Kyrkjetontoret for Nedstrand sokn

telefaks: 52 75 77 21

åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

Nokre seier at me ikkje kan leva på berre luft og kjærleik. Det er nok rett, men legg til ein god dose skryt så er det kanskje mogleg?

Mange opplever at kvardagane vert meir og meir travle. Det er ikkje plass til å skriva fleire avtalar i dagsplanen. Kvar dag kjenner du at tidsklemma presser på. I helger og feriar kjenner du kanskje på fritidsklemma når du skal rekka over alle feriemål og aktiviteter som er forventa?

Frivillig arbeid kan vera alt frå å stilla opp på eit arrangement, til å ta på seg eit verv over fleire år. Frivillig arbeid kan krevja mykje av deg. Det kan verta kveldsmøter, lørdagsdugnad og møter i ferien. Men får du lov å utføra ei oppgåve som betyr noko for andre, og som du synes er kjekk, treng det ikkje vera eit problem at ho tek av tida di.

Bladpenger

Kyrkjetonar har gjort ein del endringar dei siste åra. Me har gjort grep for å betra distribusjonen, og endeleg har me funne ei løysing som fungerer godt dei fleste stader i Tysvær og Bokn. Layouten er også endra, og me håpar du likar det du ser og les.

I forrige nummer var det giro for innbetaling av frivillig bladkontingent på kr 150,-. Dersom

Nokre gonger møter ein spørsmålet: korleis kan vi betala for det arbeidet som er gjort? Eg meiner svaret er enkelt: Skryt og takksemnd. Dei fleste av oss klarar oss godt utan timeløn for nokre timars arbeid. Men i jaget etter meir pengar har verdien av arbeidsfelleskap og skryt kome i skuggen.

Me må bli flinkare til å sjå kollegaer og venner. Gi eit klapp på skuldera, nokre anerkjennande ord og ein klem.

Me må stella godt med dei som jobbar i frivillig teneste slik at dei finn glede i å bruka helger og kveldar i fellesskapet og/eller Gud si teneste.

Ståle Hustoft

redaktørens hjørne

du gløymde det då, men framleis har lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar er du velkommen til å gje ei gåve eller betala kontingent til kontonummer: 0531 49 46091

Lesarar som bur utanfor Tysvær og Bokn og som ynskjer å abonnere på bladet kan betala kontingenten på 150 kr, og må samstundes ta kontakt med kyrkjekontoret.

Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Øivind K. Holtedahl

Førresfjorden sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 97 604 487

Sokneprest Dag Tormod Milje

Mobiltelefon: 93 415 401

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Tysvær soknehus, telefon privat: 52 77 72 78

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring: Kyrkjener prosjektleiar: Kristin Trageton Skofteland prosjektmedarbeidarar:
Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Telefon: 52 75 77 00*

Organistar

Kari Undheim, telefon 52 77 38 37
Stein Johannes Kolnes, mob. 90 018 088
Gunn Bergvold Larsen,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjeverje

Tysvær kommune: Terje Fjeldheim
Mobiltelefon: 93 415 404
Bokn kommune: Svanhild Alvestad
Mobiltelefon: 93 415 440

Kyrkjetonarar

Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold
Mobiltelefon: 40 411 889
Førresfjorden sokn: Målfrid Høie
Telefon: 52 77 36 88
Bokn sokn: Odd Grønnestad
Telefon 52 74 84 03
Nedstrand sokn: Steinar Nordeide
Mobiltelefon: 93 415 403
Skjoldastraumen: Barbara Stølvik
Telefon 52 77 92 78
Kyrkjegardsarbeidar: Marita K. Dagsland

10-års jubileum på Tysvær soknehus

Edvin Gjerde



Denne hausten er det 10 år sidan soknehuset i Tysværåvåg stod ferdig til å takast i bruk. Dette har vi tenkt å markera. Ein komite har allereie vore i gong med planlegging av jubileumsfest. Me satsar på eit hyggeleg og litt uformelt samvær denne kvelden.

Fredag 16. oktober er ein dato du bør merka deg, kl. 1900 på soknehuset! Alle er velkomne, unge så vel som eldre. Inga påmelding. Alle som på ei ellar anna vis var med i arbeidet for å realisera bygget eller som har vore innom huset i eit av de mange høve det vert nytta til i dag.

Det vert allsidig program av lokale krefter, god mat og andakt. Det vert rikeleg tid til å snakka saman og minnast korleis huset vart røyndom, og kan hende endå viktigare: sjå framover og dela visjonar for framtida.

Søndag 18.oktober kl. 1100 vert det festgudstjeneste i kyrkja med prost Arne O. Øystese. Han var i si tid med og la ned grunnsteinen. Det vert ei fin avrunding av feiringa. Då vonar me mange finn vegen dit.

Viktige datoar

Fredag 16. okt. kl 19.00:
Jubileumsfest

Lørdag 17. okt. kl 11.00:
Basar

Søndag 18. okt. kl 11.00:
Festgudstjeneste
Enkel middagsservering på Soknehuset etterpå.

Stor basar på Tysvær Soknehus

Lørdag den 17.oktober går den årlige driftsbasaren for Tysvær Soknehus av stabelen. Dette er en av de viktigste inntektskildene for driften av soknehuset. Da stiller hele bygda opp for å støtte opp om huset som er i bruk nesten hver dag i uken, og ofte flere arrangementer samtidig både for barn og voksne.

Det vil være salg og aktiviteter fra kl 1100 til kl 1500. Det blir musikk av Førland Skulemusikkorps, andakt ved Inger Johanne Stangeland. Aktiviteter i regi av K/M klubben og Vilje 4 H, åresalg, hovedtrekning med mange fine gevinster Ellers blir det kafe og salg av hjemmefakst.

Alle er velkommen til en fin dag på soknehuset



TYSVÆR SOKNEHUS

Tysvær soknehus - 10 år

Det er berre så vidt me kan tru det, men det er sant nok. Soknehuset i Tysværåvåg har vore i bruk i 10 år allereie. Ja, meir enn det, for i desember 1998 vart kjellaren teken i bruk for første gong. Men offisielt vart huset teke i bruk 19. september 1999. Då vart det feira heile veka til endes! Eit utrueleg arbeid var fullført.

Det var ein lang prosess over mange år som var komen i mål. Og eit stort tal personar hadde i desse åra på kvar si vis hjelpt til. Dei fleste yrke var med. Det mangla ikkje på folk som visste eller kunne handtera dei oppgåvene som skulle løysast.

Vegvesenets planar for utbetring av krossen opp kyrkjebakken sparka diskusjonen om det gamle bedehuset si framtid i kretsen i gong for alvor. Og sidan gjekk det slag i slag. Det vart hektiske tider for medlemmene i bedehusstyret og litt seinare for soknerådet då dei og kom på banen.

Det vart styremøter, bygdemøter, plan- og byggekomitemøter og møter med Tysvær Kommune. Og ingen stad stoppa arbeidet opp! Slik det er når ein løftar i flokk! Problem, om ein skal kalla det det, vart løyste i tur og orden. Samarbeidsavtalar vart framforhandla, og ulike alternativ for det gamle og nye huset avklara.

Mandag 27.januar 1997 vart det første spadestikket tatt med ca 100 personar til stades og med full korpsmusikk, fakkeltog og fanfare! 20.april same året la prost Arne O. Øystese ned grunnsteinen i golvet oppe. Nå var det ingen veg attende! Økonomien var sikra takka vere tusenvis av dugnadstimar.

I dag er huset tilhaldsstad for ei rekkje ulike aktivitetar. Dei kristne organisasjonane har sine møter her. Barne- og ungdomsarbeid fann sin stad. Pinsevenene fekk sitt rom i kjellaren og har tatt del i drifta av huset sidan starten. Konfirmantundervisninga fekk sine lokaler her og soknepresten eige kontor. Utleige av huset til konfirmasjonar, bryllup, minnemøter og åremålsfeiring fortel om eit hus eigna til ei rad ulike føremål.

Nå er huset og mellombels nytta som helsestasjon i Tysværåvåg. Og vi er i den lukkelege stoda at huset dette året har betalt ned gjelda, og kan feira jubileet med nyasfaltet parkeringsplass. Så er den draumen og blitt røyndom.

PitStop

PÅ KM-HUSET

kafé
aktiviteter & påfyll
samlings

folk & fellesskap
late night service

26 september ~ Loved

31 oktober ~ Maskerade

21 november ~ Knowing me, Knowing you

2000-2400
fra 10. klasse
50,-

www.krist.in

Haugesund prosti dvs menighetene i Tysvær, Bokn, Haugesund og Utsira har fått trosopplæringsmidler gjennom Prosjekt 08. Menighetene ønsker å prøve ut et samarbeide om tiltak for eldre ungdom.

Gjennom samarbeidsmøter med Haugesund KFUK-KFUM vinteren 08/09 har vi kommet fram til et felles tiltak som menighetene og KM ønsker å prøve ut sammen høsten 2009.

PitStop -et sted for påfyll og utrustning på veien videre

Tre lørdager (26.9, 31.10 og 21.11) avholder vi et felles arrangement for ungdom fra 10. klasse og oppover på KM-huset i Haugesund sentrum. Tiltaket skal være åpent for alle, med en rekke ulike tilbud for ulike typer ungdom. **Tiltaket skal ha en klar kristen profil**

Plan for kvelden:

20.00: åpent hus og kafe

21.00: Åpningsshow / temasamling, totalformidling med band, dans, film, prat osv

22.00: Myldring, ulike aktiviteter over hele huset, fra idrett til band, kreativt hjørne, sofa i kafeen og åpent stille rom m lystenning og samtale

23.30: Midnattsmesse

24.00: slutt



God start for konfirmantar

av Marit Sofie Teistedal Vikre

Trusvandring, tematime om dåpen, leik, pizza og gudstenesteførebuing! Alt dette var konfirmantane i Tysvær og Bokn med på lørdag 29.august.

Tradisjonen med å vere saman ein heil dag i starten av konfirmantåret har me hatt lenge. Me blir kjende med kvarandre fra ulike sider, og får ein god start på semesteret. Dette året er det 32 konfirmantar i Tysvær og 11 på Bokn.



Presentasjon av SAT-7

av John Steinar Dale

SAT-7 er en kristen arabisk-språklig satellitt-TV-kanal for de kristne i Midtøsten og Nord-Afrika.

SAT-7 var på lufta første gang den 31. mai i 1996. I de dager var det en beskjeden start, med 2 timer sending hver fredag, på analogt system. Nå er SAT-7 på lufta, på digitalt system, døgnet rundt, året rundt, på 3 kanaler! Sendingene kan tas imot både i Midtøsten, Nord-Afrika og Europa. Ikke bare kan de tas inn, men folk følger sendingene, i stadig økende grad. Ikke fordi det er en kristen kanal, men fordi de produserer god TV, med et særdeles variert programtilbud for alle aldersgrupper. Programmene produseres av og blant målgruppen, altså de arabisk-talende kristne i området, og kanalen har alle sine fasiliteter i regionen.

Det ville jo ikke være noe poeng i å la evangeliet først ta en svingom via vesten og ikles vestlig kulturell og politisk emballasje før det ble sendt tilbake til Midtøsten. Nei, her må vi la dem ta ansvar som har det, og støtte dem i det!

En av grunnene til denne sterke satsingen er at de kristne kirkene i Midtøsten har vært, og er, meget vel klar over medie-strukturen i området. TV er for tiden det mest solgte husholdningsapparat i regionen!

Fellesskap betyr mye for de kristne i Midtøsten. De vil gjerne ha oss i andre verdensdeler med som samarbeidspartnere. Derfor er det inspirerende å se at stadig flere norske og nordiske organisasjoner, menigheter og enkelt-personer er blitt med som venner av SAT-7.

Misjonsfest i Aksdal kyrkje

Søndag 11. oktober kl. 19.00

av Inger Johanne Stangeland

Det nye misjonsprosjektet "SAT-7" i Førresfjorden menighet i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap vil bli presentert for menigheten under gudstjenesten i Aksdal kyrkje 11. oktober.

Om kvelden samme dag arrangeres det misjonsfest i kyrkja kl. 19.00. Vi får besøk av misjonsprest John Steinar Dale som viser bilder og informerer om prosjektet. Det blir sang og musikk. Misjonsoffer. Bevertning.

Alle hjertelig velkommen!

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Vel i havn

En gammel sjømann jeg kjente, gikk i land og drev i mange år en stor seilmakerforretning. I mange år samlet han hundrevis av gutter til lek og fest nede på seilloftet sitt. Her sparket de fotball, lærte knuter, kart og kompass. Her hadde de møter, hvor han på sjømannens enkle språk, talte til guttene om alltid "å holde den rette kursen og å ha losen om bord." Den gamle seilmakeren var kjent og elsket av alle.

En kveld han som vanlig står og taler til gutteflokket, segner han plutselig om og dør. Han løfter opp korset han holder i hånden. På korset står det: "Ved dette skal du seire". Nå var han vel i havn.

Inne i hånden hans finner de hans siste manuskript: "Baut skip gutter! Kurs for himmelen".

Det ble sjømannens siste preken og ingen av oss seilloftsgutter glemmer den. Kommer vi inn i urent farvann, gjelder bare en ting: Legg om kursen fort og kratig! Baut skip gutter! Få rett kurs! Kurs mot himmelen!

Der er målet hvor mange av våre kjære allerede er i havn og venter på at vi skal komme etter. I Jesu navn legger vi ut på den spennende seilassen i storm og stille. Vi stoler på losen og sier til hverandre "Kurs for himmelen"!

Fritt utdrag fra "Rett Kurs- andaktsbok for unge" av George Johnsen 1955

Denne andakten vil jeg gjerne dele med deg. Siden jeg er oppvokst med sjø og loser, skjønner jeg så godt hva dette betyr. Den inneholder så sterke og meningsfulle bilder på vårt liv og ferden mot himmelen.

Olav Vikre

KyrkjeNÆR - fortsatt i farta

tekst og foto: prosjektgruppa i Kyrkjener

Haust betyr ny runde for Kyrkjener. Me startar med Hausttakkefest og inviterer 7-åringane til ulike arrangement og gudstenester i midten av september.

21. september er det Misjonsdag for 9-åringane. Det blir ein spennande aktivitetssdag i Aksdal kyrkje, med aktiviteter, bading og trusopplæring. I slutten av oktober blir 12-åringane inviterte til ei spennande, alternativ halloweenfeiring. 3-åringar i Nedstrand sokn og 4-åringar i Førresfjorden sokn blir inviterte til undretur i kyrkjene dei soknar til den 14. november, og den 15. november er det utdeling av barnebibel til 4-åringane i alle sokna. Siste helga i november er det tid for å vere Lys Vaken i kyrkjer i heile landet. Då inviterer me 11-åringane til overnatting i kyrkja. I adventstida er det julevandringar og julekrybbeverkstad for 5-åringane.

Utover hausten blir det òg babysong i Aksdal og Tysvær, og me jobbar for å få til eit tilbod i Nedstrand sokn. Det aller hottaste arrangementet er Pit Stop – samlingar i Haugesund for ungdom i alderen 16 – 18 år. (les omtale side 4)

Lyst å hjelpe til?

I Nedstrand sokn skal Ingrid Landro ha fødselspermisjon dette året. Heldigvis har me fått flinke damer til å vere vikarar på dei fleste av tiltaka. Framleis manglar me folk til nokon av tiltaka, og me treng mange frivillige som kan hjelpe oss i alle sokna. Har du lyst å hjelpe til er det fint om du tek kontakt med kyrkje-kontoret eller med prosjektleiaren Kristin T. Skofteland direkte (tlf 52 75 77 12). Flott om du ringer oss!



Over: 1. helga i advent blir 11 åringar over heile landet igjen invitert til å overnatte i kyrkja si. Kyrkjener inviterer til overnatting, Lys Vaken 2009, i Nedstrand, Tysvær og Aksdal kyrkje denne helga. Her er bilete av ein glad gjeng i midtgongen i Tysvær kyrkje, frå Lys Vaken i fjor.



Over: I år òg blir 5 åringane i Tysvær og Førresfjorden inviterte til julevandring i kyrkjene når det nærmar seg jul. Nedstrand sokn inviterer borna til julekrybbeverkstad, der dei får lage si eiga julekrybbe. Biletet er frå julevandring i Tysvær kyrkje.

Til venstre: Glimt frå babysong i Aksdal kyrkje.

I Aksdal kyrkje vert det baby-song desse dagane i haust:
23/09, 30/09, 14/10,
28/10, 4/11 og 11/11

I Tysværvåg vert det baby-song torsdagar kl. 10 - 12.

Ta kontakt med kyrkje-kontoret for nærare info:
tlf 52 75 77 00



Hausttakkefest i Nedstrand sokn

av Ingrid Hustoft Landro

Nedstrand sokn har ein flott samarbeidspartnar i Tveit vidaregåande skule. Det byr på gode moglegheiter for trusopplæring og spennande aktiviteter med mold mellom hendene.

9. september var 16 glade 7-åringar frå Skjoldastraumen og Nedstrand samla på Tveit for å lære om skaparverket og Gud som skapar. Dei vart henta på skulen og SFO og kom seg til Tveit til fots eller i bil. Der kraup dei inn i tømmerhytta og åt frukt og grønnsaker medan dei høyrte forteljinga om då Gud skapte verda. Ute venta elevar og lærarar frå Tveit for å ta dei med rundt på garden.

Borna vart delt i to grupper med kvar sine vaksne og Tveit-elevar som fulgte dei. Dei fekk plukke poteter i åkeren og telje kor mange poteter det kunne bli av ei

settepotet. Ei av gruppene fann 23 poteter under ei plante! Så gjekk dei inn i Skogstova og laga fargerike potetrykk. Den andre gruppa gjekk i skogen og såg kor mange ulike blad og treslag dei kunne finne. Innanfor ein 5-10 meters radius fann dei heile 22 ulike blad! Etterpå gjekk dei lenger inn i skogen og såg på biller og småkryp. Det er spennande!

Mellom gruppeaktivitetene var me tilbake utanfor tømmerhytta. Der grilla me pølser på bål og koste oss. Bak hytta var det ei innhegning med høner. Dei var òg spennande å studere.

Vèret var ganske ustabil denne dagen, men humøret var stabilt godt hjå både vaksne og born. Og når sola skin og regnet plaskar ned nesten samtidig, og me samtidig får sjå og gjere så mykje spennande på Tveit, då kan i alle fall ingen seie at skaparverket er kjedeleg! Det var 16 svært nøgde born som vart henta av foreldra kl 16.30 denne ettermiddagen. Alle fekk med seg sjølvplukka poteter heim, og smilte frå øyre til øyre.



Kurs og samtalegrupper

Kjersti Hjelmervik Lofthus, Diakon i Tysvær

Tid for to - optimistisk kurs for samlivet

Har du hatt bilen inne på service i det siste? Hva med parforholdet? Når var det inne på service? Når satte dere av tid bare til dere, og ga hverandre den hele og fulle oppmerksomhet? Vis at dere fortsatt satser på hverandre og bli med på PREP-kurs i Aksdal kyrkje i november.

Prep-kurset ble til ut fra et ønske om å hjelpe par til å ha større glede av forholdet sitt, eller å finne tilbake til spenningen og gleden de hadde da de først ble sammen. Kurset ble laget for å gi par et verktøy til å forbedre kommunikasjonen i forholdet, og å sette søkelyset på hva som kan styrke forholdet.

Prep er inspirerende og ufarlig. Det blir ikke gruppearbeid, men du og partneren din vil få tid til å ta "puls" på samlivet, og hjelp til å få det enda bedre sammen.

Kurs i Aksdal kyrkje

Kursledere: Dag Tormod Milje, prest, Bjørn Austeid, psykolog og Kjersti Hjelmervik Lofthus, diakon. (Alle er sertifiserte PREP-kursholdere.) Datoer: 20., 22., 27., og 29. november

Pris: 600/par, inkluderer kursavgift, kursmateriell og servering.

Påmeldingsfrist: 9. oktober

Påmelding til kyrkjekontoret, tlf. 52757700 eller mail: khlofthus@tysver.kommune.no

Samtalegrupper

Gruppesamarbeidet på Haugalandet er et samarbeid mellom menighetene i Den norske kirke og Psykiatritjenesten. Målsettingen er at mennesker som er i samme livssituasjon skal få treffes, dele sine erfaringer og være til støtte for hverandre.

Vi vil invitere til følgende samtalegrupper med oppstart november 2009:

- Gruppe for personer som har mistet ektefelle/samboer.
- Gruppe for etterlatte etter selvmord.
- Støttegruppe for kvinner som har opplevd seksuelle overgrep
- Andre grupper etableres etter behov.

Påmelding/info: Den Norske kirke

- i Haugesund: 52 80 95 00
- i Tysvær: 52 75 77 00

Veiledningssenteret for pårørende til rusmiddelavhengige starter følgende grupper i høst:

- Mødregruppe
- Pårørendegruppe for voksne barn, partnere og søsken. Oppstart uke 42.

For disse 2 gruppene: Ta kontakt med Veiledningssenteret, tlf. 52 71 78 80

Lørdagsskole i Førre

av Hartvig Waage



Søndagsskolen på Førre bedehus har de siste årene vært på lørdager fra kl. 11 til 12.30. De som går på lørdagsskolen er fra 4 år og oppover til 3.-4. klasse.

Vi følger opplegget til Søndagsskoleforbundet "Sprell levende". Tekstene fra Bibelen blir levendegjort gjennom lek, drama og andre kreative aktiviteter.

Er været fint, tar vi ofte en tur i nærområdet. Vi har også en spisestund med litt medbrakt mat og drikke.

Datoene for høsten er:

26.9 - 17.10 - 24.10 - 31.10 - 07.11 - 21.11 - 28.11

Lørdag 14.11 er det misjonsmesse med bl.a. mulighet for tur med hest og kjerre. Vi avslutter semesteret med den tradisjonelle juletreffesten 4. juledag.

Har dere spørsmål så ta kontakt med Cecilie Almlie 90807821 eller Gro Waage 90628558

Vi ønsker alle barn velkommen til sprell levende lørdager på bedehuset.

Kyrkja 100 år

av Dag Tormod Milje

foto: vestfoto

17. november 2010 er det 100 år sidan Skjoldastraumen kyrkje stod ferdig og blei vigsla. Ei kyrkje med særpreg som skil seg ut frå andre kyrkjebygg ved at ho er bygd i stavkyrkjestil. "Etter fagfolk si meining ei perle i arkitektonisk utforming", eit utsagn folk i bygda og stiller seg bak

100 års jubileet skal både markerast og feirast. Programmet for jubileumsåret er på ingen måte ferdig. Men her er noko som er klart:

Festkveld med Karsten Isachsen

Karsten Isachsen er ein av Noregs mest kjente forkynnar og er gjennom sine mange bøker ein viktig formidlar av kristen tru inn i vår tid. Han er også etterspurd som foredragshaldar i næringslivet. I slutten av mai 2010 inviterer soknerådet til festkveld med Karsten Isachsen.

Konsert med Hanne Krogh

Hanne Krogh sine besteforeldre var det første brudeparet som vart vigde i Skjoldastraumen kyrkje og det betyr jo at ho også er berørt av jubileet. Soknerådet er i dialog med Hanne Krogh for å ha ein kyrkjekonsert under slusehelga 2010.

Jubileumsbok

Soknerådet har utnemnt ein redaksjonskomitee som skal arbeida fram ei jubileumsbok. Historikar Nils Olav Østrem er redaktør og Tønnes Straum, Olga Holgersen, Nils Øie og Dag Tormod Milje er med i komiteen. Boka vert klar i oktober 2010

Gamle bilete frå Skjoldastraumen kyrkje

Arbeidet med å laga jubileumsbok til Skjoldastraumen kyrkje sitt 100 års jubileum er godt i gang. Og fleire enn dei som er med i redaksjons-komiteen vil bidra i arbeidet.

I tillegg til artiklar som vert skrive ønskjer komiteen å presentere livet i kyrkja og i bygda gjennom bilete. Difor utfordrar vi folk som har bilete frå Skjoldastraumen knytt til kyrkja og kyrkjelydsarbeid, hendingar i tilknytning til kyrkja (til dømes: dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferd) og foreningsverksemd om å la komiteen få sjå desse. Olga Holgersen er kontaktperson for dette og kan nåast på telefon 52 77 91 51.

Folket si gåve

Det siste året har soknerådet motteke kr 12 000 i anonym gåve til kyrkja og kyrkjelydsarbeidet. Det har også kome forslag om at folk må oppmuntrast til å gje ei "Folket si gåve" i anledning 100 års jubileet. Ei slik konkret oppfordring tek vi i mot med glede og kunngjer at ei gåve kan settast inn på konto 3333 20 53537, som soknerådet fører rekneskap med.

Travel, men fin tid i soknerådet

To unge kvinner ut etter 4 år i Bokn sokneråd

av Reidar Alvestad

I den kanskje travlaste av alle livsfasane, vart Daghild G. Alvestad og Lillian Grønnestad innvalde i Bokn sokneråd i 2005 i ein alder av 23 og 27 år. Begge var i etableringsfasen med mann og 1 barn kvar, i arbeid, og opptekne av mange aktivitetar. Dei aksepterte å stå på vallista til soknerådet, men tenkte kanskje ikkje at dei ville bli innvalde. Då dette så skjedde, bestemte dei seg for å vera positive og prøva å bidra med noko.

Fornyng

Etter 4 år i soknerådet, synes dei at åra har vore fine og lærerike. Dei gir begge uttrykk for at det burde vore fleire unge med i sokneråda, både for å tala dei unge si sak, og kanskje koma med idear om aktivitetar og måtar å gjera ting på som appellerar til yngre generasjonar. Dei meiner at ungdomen tenkjer på andre måtar enn dei godt etablerte. Begge var litt usikre på kva som ville skje i starten, og litt redde for at det i dette kristne miljøet kunne vera vanskeleg å endra på gamle inngrodde tradisjonar som godt kunne bli sett på med nye auger.

Aktive på mange felt

Dei to unge kvinnene har ikkje hatt fritidsproblem dei siste 4 åra. Begge er i arbeid, Daghild som sjukepleiar og Lillian på rekneskapskontor. For 2 år sidan tok dei opp att sundagsskulearbeidet i Bokn, med god hjelp av tre personar som tidlegare har vore med og drive sundagsskulearbeid. Hadde ikkje desse tre stilt opp, trur dei ikkje dei kunne gjennomført det. Dei syntes det var viktig å få i gong sundagsskulen att, mellom anna fordi kristendomsfaget er svekka i skulen. Dei har også gode minner frå då dei sjølv gjekk i sundagsskulen som barn. Dei meiner det er viktig at dei minste lærer om kristendommen, og at dei då lettare vil kunna ta standpunkt i trusspørsmål når dei veks til. Elles har dei begge vore med på ei frivillig ordning med å vera vert i kyrkja enkelte sundager. Dette går etter tur på alle soknerådsmedlemmene.

Både Daghild og Lillian har song- og musikkinteresse. Daghild spelar piano, og Lillian m.a. euphonium i korps. I soknerådsperioden har dei hatt mange fine framføringar av song og musikk i kyrkja og ved andre tilstellingar. Dei synes det er viktig at kyrkja har mykje song og musikk. Det appellerar også til dei unge. Dei vil ikkje gi slepp på musikken, men det blir litt mindre nå enn før dei stifta familie. For familiane



Lillian Grønnestad til v. Til h. Daghild G. Alvestad med sonen Johannes

deira har vakse i desse 4 åra. Daghild sin familie har auka frå tre til fem, og Lillian sin frå tre til fire. Med så mange aktivitetar, må mennene også trø til. Men det fins fleire ting dei kan dei vera saman om – som familiespeiding. Dette synes dei er midt i blinken for slike unge familiar, med mykje uteaktivitetar. Elles har Bokn eit mangfaldig, men oversiktleg miljø, og dei deltar i mykje av det som skjer her.

Ikkje skremde for ny periode seinare

Både Daghild og Lillian synes det har vore flott at dei har vore to på om lag same alder i soknerådet, og dei har jobba godt i lag. Det var litt tilfeldig at dei vart med, men konklusjonen er at det har vore både interessant og lærerikt, og at det har gitt dei gode erfaringar. Dei er klar over at det kan vera vanskeleg å få folk med på listene. Det trur dei kan skuldast at folk er engstelege for at dei ikkje heilt veit kva det dreier seg om, at dei ikkje passar inn eller er redde for at dei ikkje er kristne nok. Dei meiner at andre òg kan prøva, og at alle har noko å bidra med.

Daghild og Lillian har ikkje stilt seg til disposisjon for soknerådet i komande periode, og føler dei har gjort ein "jobb" i den perioden som har vore. Dei har ein hektisk kvardag med mann og barn, arbeid og andre aktivitetar. Men dei er slett ikkje framande for at dei ein gong seinare kan koma tilbake.

Etter soknerådsvalet

av Målfrid Tjoland Kolnes

I sist menighetsrådsmøte i Førresfjorden utfordra bladets redaksjonsmedarbeidar Håvard Førland oss til å sette ord på kva frivillig arbeid for menigheten har gitt av personleg utbytte.

Eg tar utfordringa - ikkje minst fordi eg gjennom dette arbeidet blant anna har møtt deg Håvard, deg Margareth og deg Inger Karin. Menneske eg ikkje kjente frå tidlegare ..., menneske det har vore utruleg flott å møte.

Me har utveksla meiningar, stått saman i oppvasken, pynta fine bord til festar, drøsa og kosa oss. Tenk å ha det så koselig og samtidig vita at arbeidet er med på å fortelja om den Herre og Gud som har mykje å gi i kvardagen. Bibelen gir òg løfter om eit rikt liv utover dei få åra her på jordelivet. Kyrkja arbeider for å gjera dette kjent og det er ein kjekk jobb å få vera med på.

Etter snart åtte år i råd og utval direkte knytt til menigheten tar andre over verva eg har hatt. Men eg gir meg ikkje. Det fyrste eg har sagt ja til nå er å vera med på å distribuera dette bladet i nærområdet der eg bur. Å gå med bladet under armen og finne fram til postkassar er å gjera eit frivillig arbeid - eg gir, og samtidig får eg mykje att. Ikkje verst. Eg gler meg til fortssettelsen.

Gjenbruksdag i Aksdal kyrkje

Lørdag 7. november

Kjersti Hjelmervik Lofthus

Har ungene vokst ut av ski- og skøyteutstyr? Har dere en bæremeis eller pulk som ikke er i bruk? Har du kjøpt ny sykkel, og ønsker å selge den gamle? Nå har du en gyllen anledning til å rydde opp og selge utstyr som ikke brukes og kanskje få kjøpt pent brukt utstyr som passer.


Lørdag 7. november samarbeider Førresfjorden menighet og speiderene i Førre og Aksdal om å arrangere en gjenbruksdag i Aksdal kyrkje.

Her kan du selge brukt sports- og fritidsutstyr og speiderutstyr, og gjerne også pent brukt fritidstøy og speiderskjorter. Du setter selv prisen på det du selger. 10% går til inntekt for speideren. (Det er selvsagt anledning til å gi utstyret til inntekt for speideren også.)

Utstyr kan leveres inn i kyrkja fredag 6. november på kontoret mellom 8 og 15 eller mellom 18 og 20. (hovedinngangen). Andre tidspunkt kan avtales på tlf. 52757700

NB! Dette er et tilbud til alle som ønsker å selge eller kjøpe pent brukt utstyr. (Du trenger ikke være speider)

Det blir også kafe i kyrkja denne lørdagen. For tidspunkt: Følg med på annonsering.



MILJØFYRTÅRN®

Frivillig - kvifor?

av Ingrid Hustoft Landro

I Tysvær og Bokn er det mange som er flinke til å stille opp til frivillig innsats i idrettslag, ulike bygdelag, dugnader, organisasjonar, i velforeiningar og i mykje forskjellig kristent arbeid. Likevel viser syning og målingar på lokal- og landsplan at det er vanskelegare enn før å få nok frivillige til å stille opp der det trengs. Mange har det travelt med å takle eigen kvardag og har lite å gi til fellesskapet. Andre er kanskje uoppdaga ressursar som ikkje er blitt spurt?

Kyrkja og dei ulike kristne organisasjonane i Tysvær og Bokn er stadig på leit etter frivillige. Det trengs folk til Kyrkjenær, konfirmantarbeid, klokkarar, kyrkjevertar, kyrkjekaffi, diakoniarbeid, leirar, barne- og ungdomsarbeid, dugnad på bedehus og kyrkjelydshus, folk i sokneråd, gudstenesteutval, diakoniutval, redaksjonsnemnd, andre styre og enda meir. "Tenk hvilken nåde det er av Gud, at vi får være hans sendebud..." Kjennes det slik? Eller er det eit ork og eit kav å vere med på frivillig arbeid?

"Ten kvarandre, kvar og ein med den nådegåva han har fått, som gode forvaltarar av Guds mangfaldige nåde. Den som talar, må tala som Guds ord. Og den som tener, må tena med den styrke Gud gjev. Slik skal Gud i eitt og alt få ære, ved Jesus Kristus. Han tilhøyrer herlegdomen og makta i all æve! Amen."
1. Peter 4,10

Eg var heldig. Då eg "vaks ut" av barnekoret, fekk eg hjelpeleiar-oppgåver. Då eg vart 16 fekk eg vere kjøkkenhjelp og leirleiar. I Urias fekk eg ha opnings-ord, prøve meg som dirigent og formann i styret. Då eg flytta på hybel på vidaregåande fekk eg lage mat og ha opning på bibelgruppa som Santalmisjonen hadde for oss. I Misjonskyrkja fekk eg bli pianist og orkesterleiar og vere lovsongsleiar på gudstenester og møter. Santalmisjonen utfordra meg til å sitte i Barne- og Ungdomsrådet, som medlem og sidan leiar. På Silgjerd bedehus fekk eg syngje på møte første gong og har gjort det mykje etterpå. Sidan har eg fått mange ulike oppgåver i bedehus og kyrkjer og får stadig nye utfordringar.

Er dette ei skryteliste? Det er ikkje meint som det. Eg vart ganske tidleg klar over at dette var Gud sin måte å halde meg nær til han. Gjennom oppgåver i kristne samanhengar fekk eg høyre ord frå Bibelen regelmessig. Og eg kunne ikkje bare vere passiv tilhøyrar, fordi eg skulle formidle noko sjølv gjennom opningsord og små andakter. Eg var musikkinteressert og er glad for at eg fekk hjelp til å bruke musikken og songen i kristne miljø. Eg fekk leiartrening, andeleg rettleiing, vere i trygge miljø der eg kunne snakke om tru og våge å be høgt. Alt saman har utvikla og forma meg. Medvirka sterkt til at eg får vere kristen i dag og, og at trua framleis er levande i meg.

Det er utfordrande å vere i frivillig teneste. Det tek tid. Ein kan verte trøyt og motlaus. Ein kan kjenne seg for liten for oppgåvene. Ein kan kjenne seg aleine.

Men det er spennande å vere i frivillig teneste. Det utfordrar både tankar, tru og gjerningar. Ein får bruke evner og ressursar, og kanskje oppdage nye. Ein får del i fellesskapet. Ein får kjenne at ein høyrer til på ein ny måte.

Alle skal ikkje gjere det same. Kvar og ein skal tene med den nådegåva og dei evnene han har fått. Av og til skulle ein tru at tenesta for Gud og kyrkjelyd skal kjennast vanskeleg og tung. Nokre gonger er det nok slik, men det er rik velsigning i å tene. Utfordringa er å finne ei teneste der du kan få bruke dei evnene du har fått. Likar du å bake, eller å stelle til selskap og kaffikos? Då er kanskje du den rette til å ordne til kyrkjekaffi, eller å vere med i festkomiteen? Likar du å stelle med tal og spennande sakspapirer? Då er du kanskje den rette til å vere med i sokneråd eller bedehusstyre? Likar du å lese og deklamere tekst? Kanskje du kan bli klokkar? Er du glad i menneske, er du ein som tek kontakt og ser nye? Då kan du kanskje trivast som kyrkjevert eller i diakoniutvalet? Likar du å vere saman med born og unge? Då treng me deg i Kyrkjenær, konfirmantarbeid og anna barne- og ungdomsarbeid. Er du eit bønemenneske? Det er bruk for deg i forbønsteneste. Likar du å syngje eller å spele? Det er bruk for deg i kor og orkester, som

forsongar og musikkar. Kan du noko heilt anna – kanskje noko som ingen har kome på før? Det kan godt hende at det er bruk for det du kan!

Å vere frivillig er rikt på meining, velsigning og utfordring. Å finne frivillige til dei ulike tenestene, å komme på kven me kan spørje, er ofte vanskeleg. Difor er det supert

å motta telefonar på kyrkjekontoret: "Hei, eg høyrte du treng folk – kva kan eg hjelpe til med?" Det skjer ikkje så ofte, men det skjer av og til, og då vekkjer det glede, takksemnd, mot og framtidstru hjå den som mottok telefonen. Kanskje du er ein uoppdaga ressurs i di forsamling eller ditt lokalmiljø? Har ingen spurt deg om å hjelpe til? Ikkje nøl med å ta kontakt – me treng deg. Det finst heilt sikkert ei oppgåve for deg.

"Vi har èin kropp, men mange lemer, og alle lemene har kvar sine oppgåver. På same måten er vi alle èin kropp i Kristus, men kvar for oss er vi lemer for kvarandre. Vi har ulike nådegåver alt etter den nåden Gud har gjeve oss."

Romarane 12, 4-5a

Vil du gå inn i frivillig teneste? Du vil bli utfordra og rikt velsigna!

Stell av gravminne

av Terje Fjeldheim

Fornyng av gravfeste

Ei grav er ved første gongs bruk freda i tjue år. Etter det kan festet fornyast med 5 år om gongen til grava er 60 år. Etter 60 år må det søkjast om å få fornya festet. Dette sender kyrkjeverja melding om til festar i forkant av at rekning på festeavgift blir sendt ut. Skal ei 60 år gammal grav kunne fornyast gjeld følgjande regel: "Gravminnet må vera i orden, ikkje vera laust og det skal vera lesbare inskripsjonar." Når det gjeld inskripsjonane på gravminne skal hovedteksten vera lesbar på 7-8 meters avstand.

Lause gravminne

Kyrkjegardsarbeidarane oppdagar kvart einaste år mange lause steinar. Dette kan vera farleg og det er festar som er ansvarleg for at alt er i orden. Derfor må festar sjølv sjekka dette frå tid til anna. Når vi oppdagar lause gravminne sender vi brev og varslar om at dette straks må ordnast. I dei verste tilfella legg vi ned gravminnet.

Vask av gravstøtter

Det kan skje at gravstøtta blir overgrodd med grønske. Mange brukar grønnsåpe når dei vaskar denne. Det skal du ikkje gjera. Dersom du ikkje får skylt dette skikkeleg bort etterpå, gir det grobotn for

algevekst. Det beste middelet mot grønske er vanleg "husvask" som ein får kjøpt i literflasker på ein malarforretning.

Stell av grav

Dei aller fleste steller gravene sine på ein flott måte. Frodige plantefelt framføre gravminne er med på å heve kyrkjegarden sitt særpreg. Også her gjeld det reglar. Det skal ikkje plantast buskar og tre som dekker inskripsjonane på gravminnet. Storleiken på plantefeltet kan vera 60 cm frå bakkanten av gravminnet, og ha same bredde som dette. Når du snart steller grava for siste gong dette året, ta med deg glaskrucker og liknande. Ikkje la det ligga på baksida av gravstøtta.

Til deg som ikkje steller grava

Det er nokon som ikkje steller grava dei har ansvar for. Det kan vera ulike grunnar til det. Kyrkjeverja sitt råd er då at plantefeltet blir fjerna og at vi sår i plenfrø slik at vi kan slå heilt inn til gravstøtta.

Vi kan stella grava for deg

Mot betaling kan kyrkjegardsarbeidaren stella grava for deg. Vi tilbyr to ulike former for gravstell. Ta kontakt med kyrkjeverja om dette er eit alternativ.



Ungdomsalpa

red.

Alpha er et tilbud for ungdom fra 10. klasse. Fredager samles vi til undervisning i kristen tro og koselig samvær i Aksdal kyrkje.

Alpha er for alle som er interessert

Alle er velkommen på UngdomsAlpha, Det kan være ulike grunner til å delta. Noen vil prøve å finne ut om Gud finnes, mens andre rett og slett søker et nytt miljø og nye venner.

Alpha passer spesielt for:

- De som ønsker å undersøke hva den kristne tro er
- De som har en tro de ønsker å børste støvet av
- Nye kristne
- Nye i menigheten

Datoer høsten 2009

Søndager kl 18.00
27.september.
18.oktober.
15.november.
13.desember.

Bildet:

God stemning og god servering på ungdomsalpa i Aksdal kyrkje



Ny kyrkjelydspedagog på Bokn

av Svanhild Alvestad

Sorga var stor då soknerådet mottok oppseiinga frå Merete Alvestad som har hatt denne stillinga på Bokn sidan den vart oppretta i 2005. Ho har utvikla trusopplæringsplanen for Bokn frå nesten ingenting til i dag å gi eit årleg tilbod til kvart årskull frå 4 til 15 år.

Det er utruleg kor mykje ein person kan få gjort i ein 15% stilling! Merete har stått på både natt og dag, laurdag og sundag, bokstavleg talt. Ho har vanskeleg for å seie nei når ho vert spurt om noko. Me kan ikkje få takka henne nok for det arbeidet ho har utført.

Etter utlysning av stillinga kom det verkeleg ein søkjar, og gjett om soknerådet vart glad. Det brukar ikkje å vere flust om søkjarar på 20% stillingar, (soknerådet utvida stillinga til det). Ada Storesund Høvring er nå tilsett i stillinga. Ho er 44 år og bur i Skjoldastraumen. Frå før har ho ei 50% stilling i NMS-U der ho har vore i fleire år og hausta erfaring innan kristent barne- og ungdomsarbeid. Dette teiknar godt for arbeidet på Bokn. Her kjem ho til å ha ansvar for all trusopplæringa og yte litt hjelp i konfirmantundervisninga. Me ser fram til samarbeidet med Ada, og ynskjer henne Guds velsigning over arbeidet.

Tysvær Familiekor

Me samlast på soknehuset i Tysværvåg nokre torsdagar frå klokka 17.30 til 19.00. Den første timen syng me, og så et me kveldsmat saman etter det. Alle er velkomne!

Øvingar hausten 2009: 17.sept., 1. okt., 12. nov., 26. nov. og 10. des.

Opptredenar: Driftsbasar Tysvær Soknehus 17.10. Vi syng og spelar jula inn 13.12

*Tysvær Normisjon
Janna Kringeland Frøyland*

Møteveke på Soknaton

18. - 23. november
klokka 19.30

Jostein Skartveit talar
arr: NLM

Møteaksjon i Aksdal kyrkje

22. september - 4. oktober
klokka 19.30

**Talarar Steinar Handeland, Arne Aurdal,
Gjermund Lygre og Arnt Magne Granberg.**
Det blir ulike song og musikkrefter.

arr: Førresfjorden menighetsråd og
dei ulike organisasjonane som
nyttar Aksdal kyrkje

Preiketekstane

27. sept.	17.s.e.pinse	Joh 11,17-27.37-44
4. okt.	18.s.e.pinse	Rom 14, 1-8
11. okt.	19.s.e.pinse	Mark 12,28-34
18. okt.	20.s.e.pinse	Mark 2,1-12
25. okt.	Bots- og bededag	Jes 59,1-4.8-9
1. nov.	Allehelgensdag	Matt 5,1-12
8. nov.	23.s.e.pinse	Fil 1,6-11
15. nov.	24.s.e.pinse	1 Tim 2,1-6a
22. nov.	Siste s.i kirkeåret	Matt 25,31-46
29. nov.	1.s.i advent	Luk 4,16-22a
6. des.	2.s.i advent	Luk 12,35-40

**Neste nummer kjem i
postkassen ca. 4. desember**

Frist for stoff til nr 4/2009: 11. november

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l.
til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand.
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Førre og Aksdal KFUK/KFUM



**Høstsemesteret er i gang og du er
velkommen til våre aktiviteter.**

Det er speidertropper for ulike aldersgrupper.

- **Oppdagere** (2. - 3. klasse) har samlinger på Frakkagjerd ungdomskole på tirsdager.
- **Stifinnere** (4. - 5. klasse) har samlinger på Førre bedehus på tirsdager.
- **Vandrere** (6. - 10. klasse) har samlinger på mandager (gutter) og tirsdager (jenter) på Førre bedehus.
- **Aksdalspeiderne** (fra 6. klasse) har samlinger i Aksdal kyrkje på tirsdager.

Se ellers hjemmesiden for mer informasjon:
www.førre-km-speidere.org

Koret **One Way** (fra 8. klasse) har sine øvinger i Aksdal kyrkje onsdager kl. 19.00

Annenhver fredager det **Elvisklubb** (5. - 7. klasse) og **SenFredag** (fra 8. klasse) i Aksdal kyrkje.

Gla'sang - Er du glad i å synge?

**I Aksdal kyrkje har me eit kor for
dei som går i 3.-7. klasse.**
Me har øving i kjellaren kvar
mandag kl. 16.45-18.00.

Velkommen!

Helsing Kari Undheim og Bodil L. Auestad

Møtekalenderen

Møter i Aksdal kyrkje
Tirsdager kl 19.30

22. sept.:	Felles møteaksjon
29. sept.:	Felles møteaksjon
6. okt.:	Samemisjonen
13. okt.:	Normisjon
20. okt.:	Israelsmisjonen
27. okt.:	Sjømannsmisjonen
3. nov.:	Samemisjonen
10. nov.:	Den indre Sjømannsmisjon
17. nov.:	NMS
24. nov.:	Misjonssambandet
1. des.:	Sjømannsmisjonen
8. des.:	Normisjon (adventmøte)

Stegaberg bedehus

Søndag 6. des. kl 11: Familiegudstjeneste.
Vikarprest Ottar Larsen.

Gjennom livet

Døpte

Tysvær kyrkje

- 31.05: Julie Førland Espevik
Hilmar Odland
- 07.06: Mathias Øvstedal
Jonas Rikstad Skogøy
- 26.07: Gudmund Valentin Hetland
- 23.08: Antonie Eide Hansen
Åsa Sortland
Melinda Bjørstad Tvedt
Amalie Suhr Ydstebø
Daniel Bjørkheim Erland

Bokn kyrkje

- 28.06: Jørgen Andreas
Holm Jøsang
Erlend Munthe
Fredrik Munthe
William Kro
Espen Ognøy Våge
- 30.08: Truls Foss

Førre kirke

- 21.06: Endre Sternhoff Miljeteig
Arnold Fludal
Eirik Nepstad Jacobsen
Jonas Bjørnsen Leland
Kevin Emil
Stakkestad Eriksen
Mali Sandvik Tønnesen
- 02.08: Amalie Wold
- 30.08: Håvåshytta:
Lea Bore Nyland
Fiona Bore Nyland

Aksdal kyrkje

- 31.05: Cecilie Maria Reyes Svee
Louise Grunnaleite Karlson
May Elin Innvær Østebøvik
Martin Hansen
Henrik Skjold
- 05.07: Casper Thrane Winum
Tobias Tjøsvoll Bøe
Adele Innvær Stokkenes
Annelin Innvær Sakkestad
- 19.07: Bjørn-Johan Mæland
- 16.08: Julie Glette Åsland
Josefine Frounberg
Endre Amundsen
Jayden Joel Ballard
Brage Nygaard

Nedstrand kyrkje

- 28.06: Camilla Aksland
- 12.07: Eskil Santiago Sande
Silje Nyvoll Aadland
- 23.08: Ingvild Vik Holta

Skjoldastaumen kyrkje

- 31.05: Sara Lindanger
- 01.06: Sabastian Ekornrød Aksnes
(Uskedalen kyrkje)
- 02.08: Mathilda Nyvoll Stokka
- 30.08: Oddmund Iversen Asheim
Thomas Dagsland
Dommersnes

Vigde

Tysvær kyrkje

- 30.05: Alyona og Svein Kåre
Bringedal (forbønn)
- 12.06: Marita Kvitno Dagsland
og Ole Johan Staurland
- 01.08: Henny Helen Fostenes
og Vidar Riise
- 08.08: Kine Knutsen
og Trond Angeltveit
- 08.08: Gunn Kristin og Nis Willem
Bartels (forbønn)
- 15.08: Merete Rønnevik
og Bjarte Hetland Bakke
- 15.08: Barbro Rasmussen Nyland
og Bjørnar Haugen
- 22.08: Solveig Lønning
og Anfinn Welde Thomsen
- 22.08: Lene Katrine Odland
og Vidar Milje
- 29.08: Ida Marie Susort
og Jørund Heggveit

Førre kirke

- 30.05: Elin Gamst
og Svein Magne Albertsen
- 30.05: Viktoria Løvås Haga
og Halvor Kallevik Melbo
- 06.06: Wibeche Nupen
og Robert Haugland
- 13.06: Camilla Bringedal og
Bjørn Erling Kalstad Hansen
- 13.06: Monika Amdal
og Einar Andreas Pettersen
- 04.07: Mette Brommeland
og Håkon Rørtveit
- 01.08: Elin Sjo Førre
og Martin Sandal
- 01.08: Sunniva Mæhlum
og Samer Habiba
- 08.08: Daisy May Bohol
og Ola Kristian Sætrang
- 22.08: Kristin Låte Romsloe
og Arvid Svendsbøe
- 22.08: Eilin Hognaland
og Oddvar Aksdal
- 29.08: Camilla Nedland
og Frode Steinsland

Aksdal kyrkje

- 03.07: Inga Lygre Baustad
og Kristoffer Tjemsland

Skjoldastraumen kyrkje

- 13.6: Kathrine Søvik
og Arild Helle
- 27.6: Stine Pedersen
og Leif Einar Hopdal
- 25.7: Lill Tove Tunland
og Tor Helge Aksdal
- 1.8: Monika Iversen Sørensen
og Hans Ove Asheim
- 15.8: Linda Margrethe Lilleskog
og Jan Oscar Wiklund

Nedstrand kyrkje

- 6.6: Olene Skorpe
og Åsmund Aarekol
- 18.7: Eva Sang Kathrine Korshamn
og Ole Eriksen
- 1.8: Kristin Langballe Myskja
og Tore Ledaal

Jordfesta

Tysvær kyrkje

- 26.05: Frants Askeland
- 19.06: Gunnar Høyland
- 19.06: Aslaug Asta Bakken
- 24.07: John Sandvik
- 27.07: Magne Sigmund Løvland
(urne)
- 31.07: Nils Susort

Bokn kyrkje

- 21.07: Østen K. Hognaland
- 02.09: Berta Are

Førre kirke

- 30.04: Sverre Kristian Larsen
(bisettelse)
- 22.05: Ellen Marie Høie
- 17.06: Solfrid Pauline Alendal

Nedstrand kyrkje

- 28.04: Magnhild Fjellberg
- 27.04: Martha Amdal
- 09.06: Inger Johanne Lund
- 12.06: Tor Bertinius Voll
- 09.07: Julie Kambo
- 01.09: Daniel Sigurd Silgjerd

Skjoldastaumen kyrkje

- 23.06: Olga Kristine Halvorsen
- 26.06: Erling Østebøvik
- 16.07: Olav Kornelius Høyvik
- 30.07: John Kvinnesland

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

13.09 kl 11.00: Gudstjeneste. Øivind Holtedahl. Konfirmantpresentasjon. Søndagsskule. Offer til barne- og ungdomsarbeidet. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

20.09 kl 11.00: Gudstjeneste. Vikarprest Ottar Larsen. Dåp. Offer til NMS Madagaskar. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

27.09 kl 11.00: Gudstjeneste. Vikarprest Ottar Larsen. Høsttakkefest. 2.kl. deltar. Dåp. Søndagsskole. Offer til menighetsarbeidet. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

11.10 kl 11.00: Misjonsgudstjeneste. Øivind Holtedahl. Nattverd. Offer til NMS Sat-7. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

18.10 kl 11.00: Gudstjeneste. Nattverd. Glåsang deltar. Offer til TV-aksjonen. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

25.10 kl 11.00: Gudstjeneste. Øivind Holtedahl. Offer til NMS Sat-7. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

08.11 kl 11.00: Litteraturgudstjeneste. Øivind Holtedahl. Søndagsskole. Offer til NMS Sat-7. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

15.11 kl 11.00: Familiegudstjeneste. Øivind Holtedahl. Utdeling av 4-års bibel. Offer til Søndagsskoleforbundet. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

22.11 kl 11.00: Gudstjeneste. Arne Aurdal. Dåp. Offer til NMS Sat-7. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

29.11 kl 11.00: Gudstjeneste. Vikarprest Ottar Larsen. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet. Kirkekaffe. Bønn kl 10.30.

06.12 kl 19.00: Lysmesse. Vikarprest Ottar Larsen. Offer til K/M Haugaland krest.

Førre kyrkje

04.10 kl 11.00: Gudstjeneste. Vikarprest Ottar Larsen. Dåp. Offer til Misjonshøgskolen.

01.11 kl 11.00: Gudstjeneste. Øivind Holtedahl. Allehelgensdag. Vi minnes de som er gått bort siste året. Nattverd. Offer til diakoniarbeidet.

Tysvær kyrkje

27.09 kl 11.00: Gudstjeneste. Arne Aurdal. Hausttakkefest. 2.kl. og Bygdekvinnelaget deltar. Dåp. Offer til Gadjiwanprosjektet.

04.10 kl 11.00: Misjonsgudstjeneste. Arne Aurdal og misjonskonsulent Gunter Theiss. Dåp. Søndagsskule. Offer til NMS Bara prosjekt.

18.10 kl 11.00: Festgudstjeneste. Prost Arne Øystese og Arne Aurdal. Soknehuset 10 år. Nattverd. Søndagsskule. Offer til Soknehuset.

01.11 kl 19.00: Gudstjeneste. Arne Aurdal. Allehelgensdag. Nattverd. Vi minnst dei som er gått bort siste året. Offer til MF.

15.11 kl 11.00: Familiegudstjeneste. Arne Aurdal. Utdeling av 4-års bok. Offer til Kyrkjenær.

29.11 kl 11.00: Gudstjeneste. Arne Aurdal. Speiderane deltar. Offer til K/M Haugaland krets.



Bokn kyrkje

13.09 kl 11.00: Misjonsgudstjeneste. Misjonsprest Ole Kr. Tangeland. Nattverd. Offer til NMS prosjekt Mali.

27.09 kl 15.00: Gudstjeneste. Arne Aurdal. Hausttakkefest. 2.kl. deltar. Offer til Gadjiwanprosjektet.

11.10 kl 11.00: Gudstjeneste. Arne Aurdal. Nattverd. Offer til MF.

25.10 kl 11.00: Gudstjeneste. Arne Aurdal. Offer til søndagsskulen.

01.11 kl 11.00: Gudstjeneste. Arne Aurdal. Allehelgensdag. Vi minnst dei som er gått bort siste året. Offer til Institutt for sjelesorg.

15.11 kl 15.00: Familiegudstjeneste. Arne Aurdal. Utdeling av 4-års bibel. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

29.11 kl 19.00: Lysmesse. Arne Aurdal. Speiderane deltar. Offer til speiderarbeidet.

Nedstrand kyrkje

27.09 kl 15.00: Gudstjeneste med konfirmantpresentasjon. Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet i soknet. Kyrkjekaffi.

11.10 kl 11.00: Gudstjeneste. Dag Tormod Milje. Offer til Misjonshøgskolen.

25.10 kl 11.00: Gudstjeneste. Dag Tormod Milje. Offer til Amatheia.

01.11 kl 11.00: Allehelgensdagsmesse. Dag Tormod Milje. Vi minnst dei som har gått bort det siste året. Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

15.11 kl 15.00: Familiegudstjeneste med utdeling av Barnebibelen til 4-åringane. Dag Tormod Milje og Kyrkjenær. Barnekoret deltek. Offer til Søndagsskuleforbundet. Kyrkjekaffi.

29.11 kl 17.00: Lysmesse. Dag Tormod Milje. Konfirmantane deltek. Offer til trusopplæringa.

Skjoldastraumen kyrkje

27.09 kl 11.00: Gudstjeneste med konfirmantpresentasjon. Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet i soknet. Kyrkjekaffi.

18.10 kl 11.00: Gudstjeneste. Dag Tormod Milje. Offer til Israelsmisjonen.

01.11 kl 15.00: Allehelgensdagsmesse. Dag Tormod Milje. Vi minnst dei som har gått bort det siste året. Offer til NMS. Kyrkjekaffi.

15.11 kl 11.00: Familiegudstjeneste med utdeling av Barnebibelen til 4-åringane. Dag Tormod Milje og Kyrkjenær. Offer til Søndagsskulen Karmsund. Kyrkjekaffi.

29.11 kl 19.30: Lysmesse. Dag Tormod Milje. Konfirmantane deltek. Offer til trusopplæringa.